

# Oppmannsrapport i engelsk 2015

## Sensorregion 7

### Fagsamling

Sensorskuleringa vart halden på Alexandra hotel, Loen 05. og 06. mai. Oppmannsgruppa, ved oppmann Dag Rune Stedje, innleia fagkurset med fokus på vurdering, felles tolkingsfellesskap og bruk av kompetansemåla og kjenneteikna på måloppnåing. I arbeid med tekstar frå fjorårets eksamen, fekk sensorane drøfte gjennom desse i grupper og i plenum. Her var det sterke meiningar og engasjement, men med grundig gjennomgang med bakgrunn i matrisa, vart me einige om eit felles skjønn. Me brukte både tekstar frå Udir som er ferdig vurderte og «nye» tekstar.

Tilbakemeldingane er eintydige om at dette er ein type skulering som både er naudsynt og til stor hjelp, særleg for nye sensorar. At den kjem så pass tidleg er ei føremon, då det er kort tid før den verkelege sensureringa tek til.

### Fellessensuren

Fellessensurmøtet vart halden på Alexandra hotel i Loen 15. og 16. juni. Oppmann og varaoppmann gjekk gjennom årets førebuingmaterial, oppgåvene og kjenneteikna på måloppnåing. Sensorane fekk så lese elevsvar frå årets eksamen som dei diskuterte i grupper før felles gjennomgang i plenum. Dette er nyttig for sensorane når dei diskuterer tvilstilfelle med medsensorane. Sjølve fastsetjing av karakterane gjekk heilt fint utan dei store tvistane. Oppmannskorpset fekk inn rundt 90 elevsvar der me måtte fastsetje karakteren.

### Førehandssensuren

Førehandssensuren vart avvikla i Oslo 28. og 29. mai. Her vart oppgåvene og førehandsmaterialet grundig gjennomgått. I tillegg gjekk me gjennom elevtekstar frå årets eksamen. Sjølv om dette er midt i prosessen, er det nyttig læring, særleg med tanke på grensetilfelle og bruk av matrisa. Gode debattar om tekstane.

### Førebuingmaterialet

Årets tema hadde tittelen «**Challenges**» og var bygd på same malen som fjorårets med omsyn til mengde. Tilbakemeldingane frå lærarar, elevar og sensorar viser at alle er svært nøgde med årets førebuingstekstar. Både mengde tekst og vanskegrad var godt tilpassa 10. klassingar og elevar i voksenopplæringa. Dei fleste elevane har og gjeve gode tilbakemeldingar om årets tema, sjølv om nokre synst det var litt kjedeleg.

Sjølv om tekstane handlar om det same temaet, er det variasjon mellom skjønnlitterære tekstar og saktekstar. Dette er tekstar som bør takast fram att i engelskundervisninga og nyttast i ulike samanhengar. Her er det ein aktuelle problemstilling som i *Adapting to a new culture* og eit eksempel på samansett tekst i *Child labour*. I tekstane *Yes we can* og *Challenging attitudes in society* får elevane eit innblikk i amerikansk og australsk historie noko som er svært relevant i høve til kompetansemåla.

Lydfilene er som før viktige for mange elevar i førebuingdelen. Sjølv om tekstane ikkje var spesielt utfordrande med omsyn til lengd og vanskelege ord, så har svake lesarar alltid nytte av slik hjelp. Tilbakemeldingane frå skulane er gode når det gjeld å nytte førebuingdagen til det den er meint som. Det er obligatorisk frammøte og elevane har rett til å bli følgt opp.

### **Kommentarar om oppgåvene frå sensorane**

Årets oppgåver er utforma med ein ny vri, der short answers ikkje lenger vert kalla Task 1 og 2, men 1 a og b. I Long answer har no elevane valet mellom 2 a – d. Som i fjor er ei av kortsvarsoppgåva ( 1b ) relatert til eit tekstvedlegg som ikkje er i førebuingmaterialet, men innanfor temaet. Det er brei semje blant sensorane at dette er ei betre type oppgåve enn dei som vart gitt for nokre år sidan, der elevane skulle kommentere språklege og litterære verkemiddel. I langvarsoppgåvene er det framleis ein spesifikk oppgåveinstruksjon, men kulepunkta er fjerna. Dette er truleg til det betre då mange elevar vart for bundne opp av desse punkta. Dei aller fleste sensorane ser positivt på denne endringa.

Når det gjeld uttrykket *to create a text* i oppgåvebestillinga i long answer, råder det litt usikkerheit blant sensorane i kva som ligg i dette. Bakgrunnen er å gje eleven høve til å vere kreativ og gjerne skape ein samansett tekst, men dette er eit uttrykk som må sette seg både blant lærarar og elevar. Framleis nyttar dei aller fleste elevane kjente sjangrar når dei skriv.

### **Task 1a**

Dette er ei oppgåve som vart godt motteke. Dei aller fleste elevane kunne skrive noko om dette, og det er kjekt å registrere at så å seie alle er positivt innstilte på å verkeleg hjelpe nye innflyttarar. At ein del elevar føler ein trong for å innleie med ein intro før dei svarar på bestillinga, må sjåast på som heilt greitt. Nokre elevar nemner fleire enn to ting ein kan gjere, noko som og må akseptast. Utfordringa for mange sensorar er å vurdere kva som ligg i bestillinga short answers, og korleis vurderer ein når long answer er kortare enn short?

### **Task 1b**

Som nemnt er dette ei oppgåve som er knytt opp til eit vedlegg. Teksten i år byggjer vidare på temaet om australsk historie frå førebuingdelen og handlar om ulike syn på Australian Day og Invasion Day. Elevane blir her bedne om å meine noko om dette og grunngje. Oppgåvebestillinga er klar, men litt for mange elevar meiner for lite. I staden vert det meste av svaret ei oppattaking av fakta. Oppgåva skil godt mellom flinke elevar som klarer å lausrive seg frå kjeldene, nytte anna kunnskap og som reflekterer, og elevar som er veldig nær kjeldene og meiner lite eller ingenting.

Oppgåvetypen er jamt over godt likt av sensorane.

## Task 2a

Dette er den oppgåva blant *long answer* som klart flest elevar har valt, truleg rundt 60%. Her er bestillinga to write a text der ein prøver å pensle elevane inn på ein meir resonnerande/skjønnlitterær tekst. Oppgåva er å skrive om utfordringar ein vil møte når ein flyttar til eit engelsktalande land og korleis ein vil takle dette.

Her vart det mange like svar. Dei fleste skriv om ei (altfor lang) reise, og det er varierende kor mykje dei vektlegg utfordringane. Få har klart å gjere noko spesielt kreativt ut av innhaldet. Kanskje var utforminga av oppgåva av ein slik art at det var vanskeleg å vere kreativ? Uansett vart oppgåva godt motteken av sensorane.

## Task 2b

I denne oppgåva skulle elevane velje ei eller fleire av utfordringane som er nemnte i førebuingmaterialet, grunngje valet og skrive om kva dei kan gjere for å endra på tilhøva. Dei som har valt denne oppgåva har følgd bestillinga, men for ein del blir det litt tynt om det dei sjølve kan gjere. Nokre få har skrive om utfordringar som ikkje står i førebuingmaterialet, noko som bør godtakast.

## Task 2c

Her er bestillinga å skape ein tekst der elevane skal late seg inspirere av ein tekst/tekstar eller bilete i førebuingmaterialet. Det skal kome klart fram kva teksten er inspirert av, og teksten må innehalde ei utfordring og ei endring. Her er uttrykket *create* brukt, men som tidlegare nemnt, så har nesten ingen elevar gjort noko meir kreativt ut av det. Relativt få har valt denne oppgåva. Vanskeleg å seie kvifor. Kanskje er dei usikre på kva som ligg i *create*.

Kjeldebruken har betra seg, men framleis er det stort forbettringspotensial på dette området. Dette må skulane ta til seg!

## Task 2d

Saman med 2c har færrest valt denne. Her skal elevane bruke sitatet på framsida av oppgåveheftet og skape ein tekst om ei utfordring og korleis dei vil bruke sosiale media for å takle det. Kanskje ei oppgåve meir for jenter? Vanskeleg å seie. Dei fleste har løyst oppgåva greitt, sjølv om det vert litt lite fokus på korleis dei vil bruke sosiale media, mest om utfordringa.

## Oppsummering

- Ros til fagnemnda for gode eksamensoppgåver der alle elevar kan bidra med noko samstundes som kompetansekrava vert målt
- Ingen problem med det tekniske i PAS, bortsett frå litt trøbbel med plagiatskontrollen
- Framleis utfordrande for nokre å bruke alle punkta i matrisa
- Sensorskuleringa er nyttig og bør halde fram
- Store kommunar melder ikkje opp sensorar – her har rektorane ein jobb å gjere
- Svært få skular har nytta seg av nettbaserte ordbøker

## Karakteroversikt

### Sensurregion nr.07

Talet på elevar	Karakter 1	Karakter 2	Karakter 3	Karakter 4	Karakter 5	Karakter 6	Snitt
1775	1.1%	9,4%	29,4%	37,3%	18,5%	4,3%	3,8

Dag Rune Stedje

Oppmann